

Famous Gloryhouse til topps!

21.12.2013



Det sigrande laget var kvartetten Hallvard og Bjarte Døssland, Bjørn Olav Tveit og Steinar Haugland

4 skarpskodde karer frå lokalmiljøet som gøynde seg bak det pompøse namnet Famous Gloryhouse vann årets julequiz på Systrene Nilsen.
Det stilte 11 lag mot 16 i fjor men det vart ein sprek juletrim ettersom kvelden var både godt førebudd og gjennomført.

Quizmaster Bjørn Sturle Hillestad hadde verkeleg lagt seg i selen for å lage ei tildels svært krevjande spørsmålsliste prega av høgtida som ligg framfor oss.



[Quizleiringa jobbar for fullt: Bjørn Sturle Hillestad og Gunnhild Nilsen Hillestad](#)

Visste du til dømes kor mykje lutefisk som vert servert på Grand i Oslo før jul og kor mange juletre Ivar Våge på Sunde sel i desse dagane?

Men det handla ikkje berre om jul, Spørsmåla var også til dømes innom kjønsmodninga til krabbane og landa som Somalia grensar mot og det var eit googleskjema med norsk geografi. Med andre ord skulle ein vera allsidig orientert for å hevda seg og dette vart resultatet:

1. Famous Gloryhouse	49
2. Bringebust	44,5
2. Murudalen Moonshiners	44,5
4. Sundvikvegen 5	42
5. Guddals frie	41
6. Søstrene Larsen	37
7. The Reds	35
8. CSI Husnes	32
8. Rudolf er rød på nasa	32
10. Flyttarane	31
11. Trioen pluss Kenneth	19,5

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen